



Trygt skulemiljø

I Timeskulen arbeider me for å sikra at elevar har eit trygt og godt psykososialt læringsmiljø. Alle som arbeider ved skulen, skal følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og dei skal gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

For å sikra dette er alle skulane i Time Olweus-sertifiserte. Olweusprogrammet er eit program som skal førebyggja mobbing og antisosial atferd. Når mobbing oppstår veit skulane, ved å bruka Olweusprogrammet, korleis dei skal handtera dette.

De som føresette må ta kontakt med skulen om dykkar barn ikkje opplever skulen som trygg, og dersom dykkar barn vert plaga av andre.

Skulen har då plikt til å laga ein plan saman med føresette for å hjelpa eleven til ein betre skulekvardag.

På skulen si heimeside finn de ei lenke de kan bruka når de vil varsla.